

Ein høyringsuttale til Kommunedelplan for idrett, aktivitet og friluftsliv 2016 – 2024, for Lindås kommune – der draumar blir røyndom.

Som ein friluftslivsinteressert innbyggjar i Lindås gjer eg meg fri til å kome med ein del innspel til høyringsutkastet. Gode intensjonar og eit godt forarbeid ser ein att i planen, men frå friluftslivet sin ståstad er ikkje planen god nok. Eg stiller ein del kritiske spørsmål for å utfordre til å tenkje ein gong til om det er slik ein vil ha planen. Det vert også fremja idear som sikkert er både påtenkt og ikkje, men tanken er å vise kor verdifullt og effektivt friluftslivet er i eit folkehelseperspektiv.

Tør Lindås satse på friluftsliv?

Ny kommunal plan på gang

Dette er ein plan som skal virke som overordna plan- og styringsverktøy fram til 2024. Den legg føringar og premissar for prioriteringar og ressurstildelingar for langt tid, på eit område som er viktig for trivsel og helse til innbyggjarane. Planen skal svare på hovudutfordringar skildra som:

- Livsstilsjukdomar blant vaksne
- Psykiske plagar og einsemd blant unge
- Behov for å betre aktivitet med universal utforming

Status som vert skildra som:

- Lite variasjon i aktivitetstilbodet i kommunen
- Lite midlar til idrett og friluftsliv pr innbyggjar i kommunen
- Behov for å auke kapasitet og vedlikehald på eksisterande anlegg.

Innvendingar i høve til høyringsutkastet

Rett på sak: Når eg har sett korleis høyringsutkastet er lansert undrast eg på:

- Er kapitelet om friluftsliv gløymd?

Meiner då det kapitelet som fortel korleis ein vil utvikle og styrke strukturane og aktivitetane innan friluftsliv? Jo, friluftsliv er omtala, men måten og vektig av denne kulturforma gjer at ein stiller spørsmålet. Dette kjem til syne fleire stader i planen:

- Ein kommunedelplan skal formidle kommunen sine verdiorienterte hovudmål og strategiar. Kor er dette konkret skildra for friluftslivspolitikken i Lindås? Kva verdi og betyding har og skal friluftslivet ha? Er innbyggjarane flest kjende og stolte av den praktfulle naturen i Lindås, og ser korleis den kan brukast som arena for fysisk aktivitet, trivsel og inkludering?
- På overskriftsnivå er planen uklar i formuleringane på kulturforma friluftsliv:
 - Idrett og aktivitet
 - Idrett og friluftsliv

- Idrett og naturopplevingar
- Planen skriv: Ein ser behov for å vidareutvikle turstinettet, og etablere tiltak knytt til friluftsliv ved sjø og vatn, og på side 17: Friluftsliv har ikkje ordinære anleggsbehov.
 - Ja, tiltak ved sjø og vatn har potensiale! Vi har sjø, vatn og elvar som får blodet i padlarane til å bruse, og ungane til å fryde seg over leik i grunnane. Men, Lindås kommune har mange fleire landskapstypar utover sjø og vatn. BOF er nemnd som tilretteleggjar. Ja, det er dei, men deira gode verksemd er i hovudsak knytt til kysten. Lindås har fleire landskapstypar som er kjempegodt egna som arena for aktivitetar og fellesopplevingar. Kva med skogen, fjellområda, den ville utmarka og dei meir eller mindre kjente nærområda?
 - Kjenner planskrivarane til moglegheitene når det gjeld anlegg for friluftsliv? Det er en overraskande og sterk konklusjon at kommunen ikkje har anleggsbehov for friluftsliv!
- I lanseringa av planen er den mange gonger omtala som idrettsplanen, eller det er formulert som «dei ulike idrettane». Friluftsliv er ikkje idrett, så idrettsomgrepet er uriktig og ekskluderande i denne samanheng.
- Lindås idrettsråd er kommunen sin formelle samarbeidspartnar. Kor har kommunen tilsvarande samarbeid med friluftslivet?
- Norsk friluftsliv er paraplyorganisasjonen for friluftslivsorganisasjonar med over 940 000 medlemskap på landsbasis dvs for turlag, 4 h, speidarar, Røde kors, roklubbar, klatre klubbar, Syklistane si landsforeining, Jeger- og fisk, o-lag osv. Norsk friluftsliv er likestilt med Norges idrettsforbund.
- I planutkastet sitt avsnitt om verdien av frivilligheit (s.23), er det frivillige arbeidet til friluftslivet utelete. Her står det at Norges idrettsforbund og Hordaland idrettskrets opererer med verdien av frivillig arbeid. Det gjer dei fleste største frivillige aktørane i Norge, inkludert friluftslivsorganisasjonane under Norsk friluftsliv. Det er veldig overraskande at kommunen velgjer vekk å omtale den frivillige innsatsen til friluftslivet i Lindås! Lindås har mykje dugnadsarbeid under friluftslivets fane frå praktisk arbeid i felt, aktivitetar, arrangement, kursverksemd, styrearbeid, informasjonsarbeid, foreningsarbeid. Mange, mange tusen timar og årsverk gjennom tidene. Lindås har og har hatt fleire ressurspersonar som har bidratt på regionalt og nasjonalt nivå innan foreningslivet til friluftslivet, og fleire tillitsvalgte som har fått heidersteikn for sin innsats innan friluftsliv. Kvifor velgjer planutkastet vekk å omtale dette?
- Planutkastet har ikkje tal og statistikk for friluftsliv. Planen formidlar «Interesse for friluftsliv er kraftig aukande». Ein anna stad ser vi tal for Orientering og friluftssport, og at Lindås har høgt aktivitetstal med 197 aktive. Det er ikkje friluftsliv så lenge konkurranseelementet/»stoppeklokka» er det sentrale i aktiviteten. Det er sjølv sagt gråsoner og ein del element som er like innan idrett og friluftsliv, men i friluftsliv er opplevingar og samspel i og med naturomgjevnader sentralt.
- Under kapitelet «Kort om dei ulike idrettane» har friluftsliv har like stor plass som golf og tennis. Det er gode aktivitetar alt i hop, men det er to ulike kulturformer der den eine femner folk flest på ein eller anna måte, og den andre kanskje har 20-30 aktive i

kommunen. Det har ikkje betydning å telje ord, men i lag med dei andre punkt syner det at friluftsliv er underkommunisert som kulturform, både i seg sjølv og i høve til idretten.

Svarar planen på hovudutfordringane mht. livsstilsjukdomar blant vaksne og psykiske lidingar og einsemd blant unge?

Spissformulert kan planen avgrensast til å vere ein anleggsplan med hovudmål om å auke kapasitet og vedlikehalde noverande anlegg, og få eit sentralsymjeanlegg i kommunen. Dette er kjempegode verkemiddel, men aleine ikkje nok til å treffe nemnde målgrupper. Så igjen kor er dei verdiorienterte hovudmåla og målgruppene, blant anna for friluftsliv? Utan å tenkje nytt vil kommunens anleggsressursar halde fram med lite variasjon og kanskje virke mest overfor grupper som allereie er aktive. Det er viktig å prioritere aktivitet som gir glede, opplevingar, utfordringar og meistring på eit breiare plan.

Kulturdepartement sin rettleiar til kommunal plan for fysisk aktivitet og naturoppleving - fra anlegg til aktivitet, seier:

*«Kommunen bør ha en bevisst holdning til hvem en ønsker å aktivisere i anlegg og områder, samt diskutere hvilke andre virkemidler enn anlegg som kan stimulere til aktivitet. Viktigheten av utviklingen av en kommunal helhetlig politikk der anlegg og tilrettelegginger kan settes inn i en bredere folkehelsesammenheng understrekes. **Allmennhetens behov må bevisst vektlegges og en må i større grad prioritere grupper som vanskelig nås gjennom tradisjonelle idrettsanlegg.»***

Anlegg er eit verkemiddel, og ikkje eit mål. Å styrke frivilligheita og ha administrativ arbeidskraft, som held overblikk og syter for kontinuitet og samarbeid, er ei anna naudsynt verkemiddel. Det er behov for marknadsføre, koordinere, systematisere og ivareta større friluftslivsaktivitetar/-anlegg også. Lindås har mange perler som eg trur er ukjende for mange. Det manglar informasjon på internett og i terreng om kva vi har av tilbud. Regelmessig marknadsføring og kunnskapsformidling omkring både det nære kvardagsfriluftslivet og natur- og turopplevingane til fjells eller langs kysten i kommunen, er eit behov.

Kompetansen på friluftsliv er mindre blant innbyggjarane i landet i dag enn i tidlegare generasjonar. I dag er fleire er usikre på å røre seg i ukjent terreng og bruke naturressursane utfor eiga stovedør. Korleis finne fram, korleis gjere seg kjent i eige nærmiljø og i eigen kommune, korleis ta seg fram til lokale attraksjonar, korleis klare seg sjølv, utan vatn, mindre lys, halde ut, bygge fysisk og psykisk helse og kapasitet? Mange spørsmål, der svara kan påvirke aktiviteten i kommunen sin eigen bøgard.

Friluftsliv er ikkje berre ei fritidssysle, men bør integrerast i den læring, fysisk og sosial aktivitet som er i barnehage, skule og skulefritidsordningar.. Ein må starte tidlegare med å aktivisere borna, og ikkje når dei gjennom ein lang skulegong er lært opp til å sitje i ro. Det fordrar politiske ambisjonar og planar, og kompetanse blant ressurspersonane kring borna eller innbyggjarar generelt.

Når Lindås blir ein storkommune med Meland og Radøy, må ein kunne tenkje større og nytt. Grenser skal jo overskridast, og heldigvis kjenner ikkje naturen og terrenget dagens kommunegrenser.

Kva betyr eit aktivt friluftsliv?

Ni av ti nordmenn driv med ein eller anna form for friluftsliv. Også den delen av innbyggjarane som ynskjer å bli meir aktive, peikar på friluftsliv. Dei fleste kan finne noko som passar i

friluftsliv, både lett og krevjande, både nært og fjernt, aleine eller med andre, til rekreasjon eller utfordringar. Ideelt for å utfolde seg, lære og utvikle samhald og samarbeid.

«Det vesentlige ved lykken er ikke rikdom og nytelse, men aktivitet, den frie utfoldelsen av evner, samt vennskap med gode mennesker» (Aristoteles).

Friluftsliv er unikt ved at det dreiar seg om naturopplevingar. Naturverdiar, naturlandskap, naturtypar og naturmangfold. Samspelet med naturen er spesielt, og naturen er rik som leikeplass og arena for utvikle den einskilde og sosialt fellesskap. Norsk natur er ei merkevare, og næringsretta eit gullkort. Norsk natur er attraktiv for turistane, og det kan vere eit paradoks at mange innbyggjarar ikkje kjenner dei lokale kvalitetane og naturperlene. Det kan også gjelde kulturperler. Lindås har mykje kulturhistorie, kulturlandskap og kulturminner som er interessante i seg sjølv, men også gjer det motiverande, meiningsfylt og rikt å oppsøkje og skape aktivitet rundt. Lokalkunnskap, lokalhistorie og opplevingar med lokale perler skapar identitet og stoltheit. «Her vil eg byggja og bu» er også folkehelse i eit anna perspektiv.



Ut på tur. Ser du kor dette er i Lindås? Ein stølsveg langs ein brusande foss opp til ein nedlagt fjellgard og stølar. Gode turmål som lokkar. Parkeringsplass, samarbeid med grunneigarar, skilt, informasjon og turkart er gode tilretteleggingar, men det ordnar seg ikkje sjølv. Tenke for eit eldorado om alle innbyggjarar og besøkjande lett kunne finne turstiar, turpostar, lysløyper, skiløyper, sykkelbane, badeplassar, fiskeplassar, bål plassar, universelt tilrettelagte friluftsområde, gapahukar, teltplassar, turisthytte, eller natur- og kulturperler som sluser, kystlandskap, postvegar, stølsvegar, stølar og fjellgardar osb i Lindås ?

Nokre dømer på friluftslivsaneleg- og aktivitetar:

Vinnes i Austevoll:





Å ete måltid ute er sosialt samlande. Tilrettelegging med gruver, grillar, vatn, benkar, lys, toalett, parkering, tilsyn, avfallssortering, informasjon, tilkomstvegar som er funksjonelt og estetisk utforma, skapar lågterskel for aktivitet. Nasjonal friluftslivspolitik har som mantra at alle innbyggjarane skal ha 500 meter til næraste sti.

Tufteparken



TRENINGSLØYPA®

«Et lavterskel tiltak for egenorganisert idrett og folkehelsen. 80 Tufteløyper/-parker i Norge pr.d.d.»

Etter at den første Tufteparken ble etablert i Asker i 2012 har Tufteparken blitt Norges mest populære og mest utbredte utendørs treningspark. Tufteparken er en inkluderende sosial arena i like store grad som en treningspark, med et konsept utviklet slik at alle kan utføre alle grunnleggende øvelser uavhengig av treningsbakgrunn.»



Klatreparker – fra Høyt og Lavt-klatrepark i Bergen. Eit døme på friluftslivsanlegg i nærområdet, egna for variert aktivitet, øve opp ferdigheiter, utfordre og meistre. Kva med å tenkje nytt? Kor oppheld folk seg, og korleis kan dei gjennom leik i slike anlegg få ny opplevingar?



Skilt til buferdsveg i Eksingedalen. Har vi tilrettelagt for at Lindås sine kulturlandskap vert besøkt? Kven kjenner desse kulturperlene og fortidsminna, og kven kjenner dei i 2024? Kan det vere eit mål å tilretteleggje for å skape aktivitet og oppretthalde lokalkunnskap i dei mange både kjende og ukjende kulturperlene i kommunen, både ved kysten, slusene, elvene, skogen og i fjellområda?

Har Lindås eventyrskogar? Er det «gøy på landet» i Lindås? Det trur eg, men korleis veit nyinnflytta familiar om kva som er av tilbod? Kan tilboda utviklast?

VisitNorway har slagordet «Natur om dagen, kultur til kvelds». Har vi det og vil vi ha det i Lindås? Antan ein er ute etter naturleg høgdepunkt, kulturelle hendingar eller adrenalinfylde akvitetar, er det utruleg mykje ein kan gjere med naturen som arena. Kan ein reise på safari eller wild-life i Lindås? Nokre døme: Besøk og stell av husdyr, ridetur i fjellet, seterdag, hundekjøring, klatrepark, fisking i fjellvatn, kano-/kajakpadling, leirskole-aktiviteter.

For å illustrere korleis naturopplevingar kan komplimentere og vere eit godt alternativ til aktivitetar på tradisjonelle idrettsanlegg, kan vi sjå på ulike dimensjonar for opplevingar ved ein eventyrskog:

«UBERØRT OG NATURLIG. Skog som har fått stelle seg selv gjennom lengre tid og som beskriver livsløpet; tilpasning til jordsmonn, vann, lysforhold og naturkrefter.

- *FANTASIEGGENDE OG SPENNENDE. Variasjon, stillhet og naturlighet åpner for undring og assosiasjoner.*

- *STILLHET. Fravær av slik støy som omgir oss til daglig, opplevelse av naturens egne lyder; fuglekvisper, bekkesikkel, vindens susing i trekronene, våre egne hjerteslag.*

- *TROLSK. Dunkelhet, uorden, veltede trær, naturkreftenes virkning og tidens tann.*

- *VARIERT OG KONTRASTFYLT. Stien vi går på, skogsrommene som veksler i størrelse og form, terrengets og vegetasjonens utforming.*

- *VANNMILJØ. Virkning på landskap og vegetasjon, lyder fra surklende myr og klukkende bekk, fossebrus, skodde og frostrøyk over stille vannspeil.*

- *MINNER OM TIDLIGER TIDERS VIRKSOMHET. Hustufter, voller, røyser, gjerder og gjengrodde veifar, vasshjul og kverner som vitner om tidligere tiders slit, oppfinnsomhet, nøysomhet og utnyttelse av lokale ressurser.*

- *ROMDANNELSER. Med rom forstår vi i denne sammenheng et særpreget sted i skogen som har et klart avgrenset "gulv, vegger og tak».*

Noko å tenkje på når vi skal planleggje korleis svare på i vår tids folkehelseutfordringar? Me må sjå utover det vi treng akkurat i dag.



MONTERES: Mandag morgen satte byfjellsforvalter Jan Robert Brandsdal inn første skruer i de nye skiltene som skal vise vei rundt på byfjellene.

FOTO: ARNE RISTESUND

De nye skiltene er på plass

Arbeidet med å bytte ut skiltene på byfjellene er i gang. Nå skal det bli vanskeligere å gå seg vill, og lettere for turister å vurdere turstiene før de legger i vei.

FLOYEN: - Dette er en milepæl, og har vært et av målene for 2016, sier byfjellsforvalter Jan Robert Brandsdal. Vi møter ham på øvre stasjon på Fløyen. Der setter han selv inn den første skruen i det første av de 225 skiltene som nå monteres i byfjellene i området rundt Fløyen.

BA skrev tidligere om at det nå skal bli vanskeligere å gå seg vill i byfjellene, og ikke minst lettere å finne nye turstier. Mandag morgen startet arbeidet med utskiftingen av de ti år gamle skiltene.

Mer informasjon

- De har stått siden 2006 og trenger sårt en utskifting. Også de nye skiltene er laget i tre og hvor lang levetid de vil ha, vet vi ikke ennå. Det vil komme an på hvor de er plassert og hvor utsatt de står, men for oss var det viktig at de så pene



SILJE HAUGEN
silje.haugen@ba.no
Mob.: 408 82 141

ut, forklarer Brandsdal.

De nye skiltene vil gi langt mer informasjon enn de gamle gjorde. De vil vise vanskelighetsgrad på turlopper og avstand til bestemmelsessted.

- De er merket i henhold til nasjonale retningslinjer etter hvor krevende løypene er. Her er det også gjort noen lokale vurderinger i merkingen, sier byfjellsforvalteren.

Løypene blir merket med fargekoder etter vanskelighetsgrad og lengde, med grønn, blå og rød. Det finnes også en kode svart som er svært krevende.

- Men det har vi ikke her i Bergen, sier Brandsdal.

Løyper vil bli gjennomgående merket slik at rutens endestopp vil være merket på alle stolper helt frem til målet. Også de ulike aktivitetene som finnes ved målet er merket på skiltene.

- Også tverrforbindelser vil nå bli merket, fortsetter han og håper med det

at det i tiden fremover skal bli lettere for turgåere å finne nye stier og veier for søndagsturene.

- Kan forenkle leteaksjoner

Totalt vil det nå være 69 skiltpunkt i Fløyen-området. Hvert skiltpunkt har fått et eget nummer, noe som blant annet vil gjøre vedlikehold langt enklere.

- Får vi melding om et skilt som må skiftes kan vi enkelt finne ut hva som skal stå på det og for eksempel hvilken

vei det skal peke, sa Brandsdal til BA tidligere i sommer.

- Politiet vil også få den nye planen, noe som kan forenkle leteaksjoner. Der som turgåere går seg bort kan de melde fra om hvilket nummer nærmeste stolpe har, og letemannskaper kan ta seg direkte dit.

Mandag er de første skiltene på plass, og i løpet av noen dager skal hele området være ferdig skiltet.



SLITT: De gamle skiltene har stått i ti år, og er preget av å være utsatt for vær og vind.

ARKIVFOTO: EIRIK HAGES-ETER



HØY AKTIVITET: Det er stor aktivitet på Torgallmenningen denne uken. Store deler av plassen er sperret av, og en stor scene er under bygging. Her skal Bergen Filharmoniske Orkester holde konserter torsdag og fredag.

FOTO: SILJE HAUGEN

FORNØYD: Byfjellsforvalteren er fornøyd med de nye og informative skiltene.

FOTO: ARNE RISTESUND



Bergen kommune skifter ut alle sine turskilt til skilt i samsvar med den nasjonale merkestandarden. Piktogramma fortel om kva type aktivitet (fottur, ski, sykling osv) og kor krevjande turen er (lett, middels, krevjande, ekstra krevjande). Bergen kommune har satt turskilta sine ii system bl.a med nummerering slik at dei har oversikt på alle skilta, planlagt plassering og planlagt vedlikehald. Når ein reiser gjennom Norge i dag, ser ein mange turskilt i samsvar med den nasjonale standarden. Frivillige har gjerne ordna den praktiske gjennomføringa, men det bør vere tilsett-ressursar til planlegging, koordinering,

oppfølging og marknadføring, og i store satsingar som større område/byfjella må det også løna arbeidskraft inn. I Masfjorden er det brukt ein god del nasjonale turskilt, og i Masfjordkartet er det foreslått 30 turar med ulik vanskegrad. Stien er det enklaste og viktigaste anleggstypen for å aktiviserer folk. På eit godt turkart finn ein badeplassar, fiskeplassar, lavoar, kvilebuer, kulturminne, sykkelruter, skiløyper, lysløyper, aktivitetsløyper/-område osv. Lindås sitt turkart er frå 2005, og korleis er standarden på stinettet og turskilta i kommunen? Med planlagt og systematisk arbeid er det eit veldig potensiale for å få fleire innbyggjarane og besøkjande ut i den varierte og flotte naturen.



Kalvedalen turisthytte har ope dør til alle som kjem innom. Drifta er basert på frivilligheit og tillit, og fungerer som ein sosial åstad. Ute på tur er vi meir like, avhengige av kvarandre og godt samspel, og vi lærer oss å klare oss. Fokuset er på dei enkle og gode ting i livet: mat, husly, søvn og samarbeid med naturomgjevnader, folk og fe omkring deg. Kvifor er det lite kommunal interesse for slike anlegg, som gjer det mogleg for folk flest å opphalde seg i naturen på ein enkel måte? Då Samnanger fekk si første turisthytte i 2013, var ordføraren så stolt og offensiv over den nye attraksjonen i kommunen. Bl.a. var turisthytta avbilda på kommunens julekort. Som frivillig knytt til den einaste turisthytta i Lindås, lurar eg på kvifor det er så stor skilnad på kommunal interesse for dette tilbodet? Kva gjorde Lindås kommune i Friluftslivets år i 2015? Burde vi ikkje hatt 1-2 slike anlegg til i kommunen? Eller 1-2 kysthytter slik at alle ungane fekk oppleve å bade, leike i vasskanten, symje, ro og fisk? Turisthyttene og T-rutene gjer også til at det kjem besøkjande frå inn- og utland.

VisitNorway skildrar potensialet så poetisk:

«Naturen og fjellene har gjort turtradisjonen til en del av vårt felles arvestoff. De siste årene har økt satsing på lokal mat, design og arkitektur gitt rammene rundt turopplevelsen en helt ny dimensjon. Å utforske fjellene og å omfavne naturen er en del av det å være nordmann, for de aller fleste av oss. Når vårsola kommer og snøen foretar sin retrett, trekker vi på oss turklær og gode gåsko – og så går vi tur. I fjellet, i skogen, langs fjorder og sjø. Vi er et turfolk, rett og slett.

Et eksempel på hvor sterkt friluftskulturen står her til lands, kom da VG i forbindelse med grunnlovsjubileet i 2014 spurte sine lesere om hva ved Norge som gjorde dem mest stolt. Ytringsfrihet var riktignok det viktigste, men på plassene bak fulgte Norges varierte natur og den sterke turtradisjonen vår. Et annet litt artig eksempel på gåturens prominente plass i vår nasjonale bevissthet, er at 700 000 nordmenn tror at de er medlemmer av Den norske turistforening, ifølge DNT selv. I virkeligheten er medlemstallet 250 000. Det ypperste av hva naturen og mennesker har å by på. Den moderne turopplevelsen handler om så mye mer enn bare å gå.»



Lindås har mange lite brukte områder, egna både for lågterskeltilbod og adrenalinkick. Mange har lyst, men treng kompetanse og rettleiing til å ta områda i bruk. Aktivitet blir då både målet og middelet.

Konklusjon:

- Noverande planutkast har lite strategisk fokus og tankegods mht. verdien, betydning og tilslutning av friluftsliv. Skulle gjerne sett meir innovasjon og nyteking. Som storkommune om nokre få år, må ein kunne sjå fleire moglegheiter utover det ein allereie har. Viss hovudsatsinga vidare blir på tradisjonelle idrettsanlegg, er spørsmålet om planutkastet treff sentrale utfordringar mht. livsstilsjukdomar, psykiske lidingar og einsemd.
- Friluftsliv er den kulturforma som har størst tilslutning blant både aktive og inaktive, men planutkastet skildrar og underkommuniserer verdien av friluftslivet. Det er eit ubalansert forhold som i neste omgang gjev utslag i prioriteringar, ressurstildelingar, men også tilslutninga og effekten i høve til livsstilsutfordringar.
- Anlegg er eit verkemiddel og ikkje eit mål i seg sjølv. Kompetanse, personalressursar (frivillige og administrative) og systematisk samarbeid er viktige verkemiddel. Det er også informasjon og marknadsføring. Det er ikkje nok å ha eit godt tilbod, folk må få vite om det. Stadig i nye kanalar og på nye måtar.
- Tiltak innan friluftsliv er einseitig framstilt og sterkt avgrensa mht. konklusjon om at det ikkje er behov for anlegg innan friluftsliv.
- Friluftsliv har eit veldig potensiale i Lindås. Som arena for fysisk og sosial aktivitet, oppbyggande for den einskilde, for grupper, for lokalsamfunn, for oppvekstmiljø og næringsliv.

Ut på tur, aldri sur!

Beste helsing ein friluftslivsinteressert innbyggjar i Lindås

Jane Britt Daae
02.09.16